

13.02.2017

Arrangerer karneval til kantinedrift.



Fredag arrangerer Damevennene karneval.

Damevennene slår to to fluger i ein smekk, og er med og skaper to trivselstiltak for borna når dei arrangerer karneval i Helgheim fredag førstkommande. I tillegg til at det skal vera eit kjekt karneval, håpar dei at det kan vera eit lite overskot slik at det kan hjelpe til at det vert nokre dagar med kantine på skulen.

Karnevalet er delt i to omganger. Først er det for 1.-3.klasse frå kl.17 til 18.30. Deretter er det klart for 4.-7.klasse frå kl.19-20.30. Her gjeld å kle seg flott ut, for det er premiar til beste kostyme. Det kostar elles 50 kr å koma inn, og det vert salg av pølser, brus og popcorn m.m.

Tidlegare arrangerte ungdomslaget barnediskotek, men det har det ikkje vore i det siste mellom anna på grunn av at det vart mykje arbeid på enkelte. Borna har sakna dette tilbodet, og derfor arrangerer Damevennene karneval, og det passar godt sidan februar er ein månad med gode karnevalstradisjonar.

Elin Enes i Damevennene håpar dette slår godt an, og at det vert godt frammøte.

- Vi i Damevennene håpar også det skal vera eit lite overskot. Vi vil gje det til skulen slik at det kan hjelpe til at dei kan få dagar med kantinedrift. Damevennene si oppgåve er å skapa trivsel i bygda, og vi synes absolutt kantinedrift på skulen er innanfor dette. Vi har diskutert ulike tiltak som kan hjelpe til dette, fortel Elin Enes.



Damevennene vil hjelpe til at det vert fleire elevkantiner. Her frå siste kantine i januar(Foto: Lilli Britt Urheim)

Gratis-prinsippet i skulen gjer at dei ikkje kan ta betalt for mat i elevkantina. Skule skal ikkje kosta noko. Det er heller ikkje budsjettert med pengar til kantine. Dermed vert det umogeleg utan støtte utanfrå.

- Eg skulle ønskt at kvar klasse skulle kunna hatt kantine for elevane ein gang i året, der dei lagar og serverer sunn og god mat, seier matentusiasten Elin Enes. Ho legg til at ein kantinedag kostar 2000-2500 kroner eller ca. 20 kroner pr. elev.

Kanskje kan karnevalet på fredag vera dråpen som får i gang ein kantinedag i månaden på Uskedalen skule??  
Kanskje andre også vil støtta opp om dette trivselstiltaket?

Tekst og nett: Thor Inge Døssland